

NORDDAL KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmann

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I NORDDAL KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**måndag, 12.12.2011 kl. 13.00 på
Rådhuset**

SAKLISTE:

- Sak 13/11 - Godkjenning av møtebok frå møte 18. oktober 2011
- ” 14/11 - Orientering om kontrollutval og revisjon
- ” 15/11 - Evaluering av internkontrollen i
Norrdal kommune

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Jon Kåre Løvoll
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
NORDDAL KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 18. oktober 2011
Møtestad: Norddal Rådhus kl. 09.15

Møtet vart leia av: Arne Sandnes

Elles til stades: Signe Brenna og Frank Iversen

= 3 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Jens Sæther.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Sakene vart behandla i denne rekkefølga:

**SAK 09/11
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 8. JULI 2011**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 8. juli 2011 blir godkjent

**SAK 11/11
FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM EVALUERING AV
INTERNKONTROLLEN I NORDDAL KOMMUNE (ORIENTERINGS-
SAK, INGEN SAKSUTGREIING ELLER REALITETSBEHANDLING)**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 12/11

TERTIALRAPPORT 2. TERTIAL 2011 – NORDDAL KOMMUNE

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet dater 12.10.2011

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek terialrapport 2. tertial 2011 til orientering.

SAK NR 10/11

BYGGESAKSPROSESS I NORDDAL KOMMUNE

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet dater 12.10.2011

I drøftingane kom det fram at kontrollutvalet ønskte ei todeling av sakstemaet med ein del som gjeld byggesaker generelt og bygninga i Tafjord spesielt.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir utsett.

Arne Sandnes
leiar
(sign.)

Signe Brenna
medlem
(sign.)

Frank Iversen
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 05.12.2011

**SAK 15/11
EVALUERING AV INTERNKONROLLEN I NORDDAL KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Forvaltningsrevisjonsrapport nr. 3/2011: Evaluering av internkontrollen i Norddal kommune (Sendt tidlegare)

SAKSOPPLYSNINGAR:

Saka gjeld behandling av forvaltningsrevisjonsrapport nr. 03/2011: *Evaluering av internkontrollen i Norddal kommune*

Mandat, vedtaksgrunnlag og gjennomføring

I samband med behandling av plan for forvaltningsrevisjon, sak 22/10, tilrådde Norddal kontrollutval kommunestyret å be om: ”*Ei overordna vurdering av internkontroll og organisasjonsstruktur i Norddal kommune*”. Kommunestyret tok i sak 044/10, den 24. juni 2010 saka frå kontrollutvalet til orientering.

Eit utkast til rapport vart sendt til rådmannen for uttale den 21. juni 2011. Rådmannen ba om utvida høyringsfrist, då han ville trekkje leiarane i organisasjonen med i høyringsrunden. Som ledd i dette vart det frå revisjonen si side gitt ein presentasjon av førebels rapport for linjeleiarane i “Veksthuset” den 19. september 2011. Førebels rapport har også blitt behandla av avtroppande kontrollutval som ei orienteringssak utan realitetshandsaming den 18. oktober 2011 (sak 11/11).

Hovudfunn i undersøkinga

Internkontroll kan definerast som styring som gir ei rimelig sikkerheit kring måloppnåing. Eit av dei viktigaste funna som undersøkinga har avdekt er at internkontrollen har ei for svak forankring i overordna mål og strategiar. Målsetjingsarbeidet har for svak forankring i overordna målsettingar og strategiske føringar. Utdringa ligg i første rekkje hjå overordna leiing, rådmannen, når det gjeld å ta tak i kommunens mål- og strategiarbeid.

Det synest å vere til dels uklarheit knytt til organisasjons- og ansvarsstruktur – ansvar og mynde. Det er som ein del av dette påpeika svikt i støttefunksjonar knytt til personalforvaltning. Her bør det gjerast ein gjennomgang.

Kommunen har ikkje gode nok rutinar for å evaluere og handtere risikoar som er vesentlege i tilhøve til måloppnåinga. Undersøkinga tyder på at det er ein svak gjennomgåande kultur for å tenkje risiko i Norddal kommune. Dette kan ha opphavet sitt i eit svakt målfokus. Det ligg til rådmannen sitt ansvar for internkontrollen å sjå til at rutinar og system for vurdering av risiko blir implementert.

Møter mellom toppleiing og driftseiningane bør i større grad innrettast mot evaluering av resultatoppnåing og drøfting av mulige kontrollhandlingar.

Samspelet mellom rådmann, verksemdar og stab/støtte bør takast opp til drøfting, med spørsmål om kva som kan gjerast for at lagspelet skal verte så godt som mogleg. Når det gjeld rapportering bør ein sjå på innhaldet i rapportane, med spørsmål om kva som skal rapportert, og kva for tilbakemeldingar einingsleiarane kan og bør få.

Det styringsinstrumentet som ligg i leiaravtalar bør utviklast til eit grunnlag for rådmannen sin evaluering av leiarane si måloppnåing.

Undersøkinga tyder på at det er for dårleg kommunikasjon mellom driftsnivået og politiske organ. Kommunestyret sine overordna strategiar og målsettingar er ikkje klårt nok kommunisert, og politisk vedtekne mål er i liten grad retningsgivande for planlegginga i einingane.

Det ser ut til at (topp)leiinga i for liten grad er mottakeleg for forslag frå dei tilsette når det gjeld forbetringar. Det synest også som om det generelt er for dårleg informasjon og kommunikasjon mellom einingane og rådmann med stab/støtte.

I rapporten vert rådmannen oppmoda til å prioritere arbeidet med kommunen sin internkontroll. Naturlige delar av dette er å sikre at rådmannen har tilstrekkeleg oversyn over tenestemråda, risikoar og etablerte kontrolltiltak. Resultatfokuset knytt til oppfølgingsaktivitetar bør styrkjast. Aktuelle tiltak er:

- Betre rapporteringa gjennom året i form av formell rapportering, unntaksrapportering, møteverksemd og liknande.
- Knytte resultatkrav og måloppnåing til toppleiinga sine forventningar nedfelt i leiaravtalar.
- Tettare overordna oppfølging
- Rutinar for intern og ekstern evaluering

Rådmannens kommentarar

Det er mottatt høyringssvar frå rådmannen, datert 16. oktober 2011, som ligg som vedlegg til rapporten. I sitt høyringssvar kjem ikkje rådmannen med påpeiking av feil eller manglar i rapporten, som har gitt grunnlag for endringar. Hovudpunkta i rådmannens høyringssvar vert oppsummert i det følgjande, med korte kommentarar til nokre av dei momenta rådmannen trekkjer fram.

Rådmannen seier innleiingsvis at gjennomgangen klart har avdekt behov for konkret oppfølging av organiseringa og styringssystemet i kommunen. Konkrete tiltak er allereie planlagt. Eitt av desse er på nytt å gå gjennom organisering, ansvars- og oppgåveorganisering slik desse i si tid vart skildra.

Etter dette trekkjer rådmannen fram nokre generelle betraktningar:

Rådmannen påpeiker at det ikkje er innhenta skriftleg materiale, og meiner dette er ein veikskap med rapporten, fordi ein ikkje får innsyn i styringssystematikken som vert nytta i Norddal kommune. Kommunerevisjonen opplyser at det som ein del av det datagrunnlaget også vorte gjort dokumentgjennomgangar av relevante styringsdokument. Revisjonen si vurdering er at det datagrunnlaget som er nytta har vore tilreккеleg med omsyn til å gjere vurderingar og trekkje konklusjonar.

Rådmannen er kritisk til val av teoretisk rammeverk for undersøkinga, og syner i samband med dette til PriceWaterhouseCoopers (PwC) si undersøking vedkomande internkontroll i norske kommunar. Det er SKS IKS si vurdering at rådmannen her har misforstått PwC sin rapport. BMS kan vere eit nyttig verktøy for å ivareta delar av internkontrollen. Dersom ein skal evaluere internkontrollen må ein nytte eit rammeverk for internkontroll. Verken balansert målstyring (BMS) eller eit kvalitetssystem som td. ISO 9001, er rammeverk for internkontroll. COSO derimot er eit rammeverk for internkontroll.

Det er positivt at rådmannen vil satse på eit system for Balansert målstyring BMS (BSC: Balanced Score Card). Dette vil kunne bidra til å styrke mål- og resultatstyringa gjennom eit auka fokus på måloppnåing og strategisk styring. Systemet er likevel ikkje svar på alle internkontrollutfordringane i Norddal kommune.

Det er positivt at rådmannen i sitt høyringssvar gir uttrykk for å ville arbeide med dei veikskapane i internkontrollen og styringssystematikken som revisjonsrapporten peikar på. Han syner til den breie gjennomgangen av rapporten internt, og til arbeid med konkrete, oppfølgjande tiltak. Det er positivt at rådmannen ser rapporten som grunnlag for læring og ei mulegheit for å kunne gjere ting betre.

Avslutning

Hovudproblemstillinga i rapporten har vore om Norddal kommune har ein trygg intern kontroll, vurdert ut frå KL § 23. Undersøkinga gir ikkje haldepunkt for å kunne seie at internkontrollen ikkje er ”trygg”, men det er identifisert klare veikskapar og forbettringspotensial.

Utvikling av internkontrollen er eit langsiktig og omfattande arbeid. Rådmannen bør prioritere tiltak for å styrkja internkontrollen, og særleg fokusere på kontrollmiljøet og risikovurderingar. Dernest bør arbeidet med kontrollhandlingar følgjast opp, og dei andre komponentane i internkontrollen. I det vidare arbeidet med internkontrollen bør følgjande tilhøve særleg vektleggjast:

- Internkontroll må baserast på systematiske risikovurderingar. Risikovurdering har vore for lite nytta i kommunen si verksemdsstyring. Kommunen må i større grad nytte risikovurderingar i verksemdsstyringa.
- Klårgjering av oppgåver, ansvar og mynde.
- Kommunikasjon og felles forståing rundt utfordringane knytt til betring i internkontrollen.
- Kompetanse er viktig for å sikre internkontrollen. Systematisk tilnærming til kompetanseutvikling og sikring, gjennom opplæringstiltak, informasjon mv. og ved rekruttering.

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapporten og saksopplysningane vert saka lagt fram for kontrollutvalet med slik

Innstilling:

1. Norddal kommunestyre tar Forvaltningsrevisjonsrapport nr. 3/2011: "Evaluering av internkontrollen i Norddal kommune" til vitande.
2. Norddal kommunestyre ber rådmannen om å leggje fram ei eiga sak for kommunestyret, med orientering om avbøtande tiltak i høve til dei manglane ved internkontrollen som rapporten avdekkjer.

Harald Rogne
dagleg leiar